



Dato: 27.04.2007

Kaspar Wergeland

5986 HOSTELAND

Vår ref.

07/278-5/GNR-14/2/TSV

Melding om vedtak - Rekvisisjon av kartforretning - Søknad om deling av grunneigedom.

Viser til dykkar søknad datert 10.03.2007 og til vedlagt utskrift av vedtak.

Klagerett:

Masfjorden kommune gjer merksam på at det er klagerett (FVL §28) på dette vedtaket. Klage må sendast innan 3 veker (FVL §29)

Tore
svendsen
Tore Svendsen
Avdelingsleiar

Kopi til:

Hildegunn Ulvatn/Wiggo Sleire

c/o Magnar Ulvatn

5986

HOSTELAND

Magnar Ulvatn

5986

HOSTELAND

Masfjorden Kommune

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Delegert RÅD - ref. fast utval for plansaker	26.04.2007	062/07	Tore Svendsen
Avgjerd av: Saksansv: Tore Svendsen	Arkiv: GNR-14/2 Objekt:	Arkivsaknr. 07/278	

Rekvisisjon av kartforretning. Søknad om deling av grunneigedom Gnr 14/2 – Hosteland - Dispensasjon.

DELEGERT VEDTAK:

I medhald av pbl § 7 vert det godkjent at det vert dispensert frå plan- og bygningslova's §§ 17-2 og 20-6 på følgjande vilkår og med følgjande grunngjeving:

- Fylkesmannen skal ikkje gå mot søknaden.
- Fylkeskommunen skal ikkje gå mot søknaden.

Pbl § 17-2: Omsøkte parsellar ligg i eit område som delvis får felles kai for oppsitjarane på garden Hosteland, gnr 14, føre seg. Også naust er plassert føre omsøkte parsellar. For den delen/parsellen som ikkje har etablerte ting føre seg(kai, naust), vert det ein buffer på om lag 20 meter mot sjø, i eit terreng som ikkje opnar for ilandstigning, sær bratt. Omsøkte parsellar kjem på kote +10 stigande til kote + 20.

Pbl § 20-6: Omsøkt område er synfart av jordbrukssjefen som konkluderer med at "frådeling ikkje vil vera til vesentleg ulempe for bruket".

Søknaden om å dela frå to parsellar til bustader med tilkomstveg, jfr kart datert 19.04.07, vert godkjend på følgjande vilkår:

Dispensasjonssøknaden skal vera godkjend.
Tilkomstvegen til parsellane skal ikkje frådelast hovudbruket.
Dei nøyaktige grensene vert etablert under kartforretninga.

Kartforretning kan haldast når vilkåra er oppfylte og naudsynte gebyr er innbetalt.

Heimel

Plan- og bygningslova

Søknad om frådeling av 2 parsellar på Gnr 14 Bnr 2 vert godkjent med fylgjande vilkår:

- Veggen fram til parsellane skal ikkje frådelast hovudbruket, og bruket må ha rett til å bruke veggen.

Heimel

Jordlova § 12

Saksdokument:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	10.03.2007	Kaspar Ivar Wergeland	Rekvisisjon av kartforretning. Søknad om deling av grunneigedom.
3	I	18.04.2007	Nordbygda senter	Kart med forslag til tomtedeling

Saksutgreiing:**1. Bakgrunn**

Søknad om frådelling av 2 parsellar til bustadføremål, samt tilgang til eksisterande naust på gnr 14/26.

2. Fakta

Omsøkte parsellar ligg i LNF område i kommuneplanen sin arealdel, samt innanfor 100 metersbeltet langs sjø. Det må altså søkjast om to dispensasjonar. Området er synfart av jordbrukssjefen saman med grunneigar, og jordbrukssefen kan ikkje sjå at frådellinga fører til vesentleg ulempe for bruket. Området tett ved er fellesområdet for garden Hosteland, m a med felles kai og felles naustområde. Mellom omsøkte parsellar og sjøen er det private naust. Området mot sjø er sær s bratt(45°)
Søknaden/dispensasjonen er ikkje handsama av fylkesmannen eller fylkeskommunen på førehand.

BRUKET

Gardskart (NIJOS) viser at bruk 14/2 sitt totalareal er på 713 da, fordelt på;
18 da fulldyrka,
6 da innmarksbeite,
8 da S bonitet skog
123 da H bonitet skog
209 da M bonitet skog
127 da L bonitet skog
222 da anna areal.

Det er ikkje husdyrhald på bruket. Innmarka vert hausta av andre gardbrukarar
I område er det husdyrhald på 4 av dei 6 bruka

Omsøkt parsellar:

2 stk samla storleik ca 4 da, på økonomisk kartverk registrert som låg bonitet furuskog.
Parsellane ligg ca 500 m frå tunet på bruket og vegtilkomst går ikkje gjennom tun.

4. Uttale

Jordbrukssjefen har vore på synfaring saman med søkjar, og meiner at frådellinga ikkje er til noko vesentleg ulempe for bruket, men ynskjer å sette som vilkår at vegen fram til parsellane skal ikkje vert frådelast hovudbruket, og bruket må ha rett til å bruke vegen.

5. Vurdering

Rådmannen har ingen merknader til omsøkte parsellar. Rådmannen merker seg at tiltaket ikkje er handsama av offentlege instansar som kan ha interesse i området, t d fylkesmannen.

6. Konklusjon

Saka vert sendt til uttale til fylkesmannen og fylkeskommunen.